

Johannes Rønning

Itakisme i norske dialektar: Geografisk fordeling og sosiale aspekt

Bacheloroppgåve i Nordisk språk og litteratur

Rettleiar: Ivar Berg

Mai 2024

Johannes Rønning

Itakisme i norske dialektar: Geografisk fordeling og sosiale aspekt

Bacheloroppgåve i Nordisk språk og litteratur
Rettleiar: Ivar Berg
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for språk og litteratur



Samandrag

Denne oppgåva handlar om itakisme (delabialisering av /y/), eit språktrekk som har vore å finne mange ulike stader i Noreg, men som det i dag er relativt lite igjen av. Til oppgåva har eg samla saman alle stadene eg har funne overtydande dokumentasjon på at har hatt itakisme. Eg drøftar kor plausibel ei språkending som itakisme er om vi samanliknar norsk med andre språk i verda, argumenterer for det omtrentlege tidspunktet trekket må ha dukka opp og om det tidlegare kan ha vore meir utbreitt enn det er i dag. Til slutt snakkar eg om dei sosiale forholda rundt itakismen og om korleis det dei fleste stadene det har eksistert har vorte sett ned på og herma etter, samtidig som det i regionen Solør-Odalen har festa seg som eit tydeleg kjenneteikn på den lokale dialekten.

Abstract

This thesis talks about Norwegian iotacism (delabialization of /y/), a linguistic feature known from many scattered parts of Norway, but which there however is relatively little left of today. For the thesis, I have collected all the places I have found convincing documentation that states there has been iotacism there at some point in time. I discuss how plausible a change such as iotacism is when we compare Norwegian to other languages in the world, argue for the approximate point in time the feature could have appeared, and whether it might have been more widespread at an earlier point in time than it is today. In the end, I talk about the social circumstances of iotacism in Norway, both in the past and today, and the way it for the most part has been looked down upon and mimicked where people have had it in their speech, while at the same time, in the region of Solør-Odalen, it has become a distinguishing feature that signifies the local dialect.

Innhald

1. Innleiing.....	3
1.1. Omgrepet itakisme	3
2. Kva kjem itakisme av?	5
2.1. Opphavet til fonemet /y/ i norsk (og andre språk)	5
3. Geografisk utbreiing i Noreg.....	8
3.1. Kjennskap til itakisme.....	11
3.1.1. Jamføring med målføresynopsisen	13
3.2. Kan den geografiske fordelinga i Noreg seie oss noko som helst?.....	14
3.3. Er det riktig å kalle [øy > ei] itakisme?.....	14
3.4. [y], [i] eller noko i mellom? Om uttalen [i̥]	15
4. Opphavstidspunkt og mogleg historisk utbreiing.....	17
4.1. Kva er eit spor av itakisme og ikkje?	17
4.2. Relativ kronologi	19
4.3. Resultata frå relativ kronologi.....	22
5. Eit sosiolingvistisk blick	23
5.1. Saliens	23
5.2. Itakismen sin saliens	24
5.3. Stoda for itakisme i Solør-Odalen i dag.....	27
6. Konklusjon	29
7. Litteratur.....	30

1. Innleiing

Itakismen i norske talemål er eit språkleg fenomen der vokalen /y/ får lik uttale som vokalen /i/, i tillegg til at diftongen /øy/ får lik uttale som /ei/. Som språktrekk høyrer det til dels med i dialektologien, for det kan til ein viss grad brukast til å karakterisere enkelte norske målføre i forhold til andre (jf. at det er med i t.d. Skjekkeland 1997, s. 48, s. 228 og Jahr 1986, s. 28–29). Likevel er itakismen til nokså lite hjelp i å identifisere målføre og halde dei frå kvarandre, for om vi ser på landet som heilskap, har itakismen ei ekstremt spreitt og usamanhengande geografisk utbreiing. På både Austlandet, Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg er det område der ein kan finne eller har kunna finne det, men dei fleste stadene det har vorte identifisert, har det opptrett veldig marginalt og ufullstendig gjennomført blant folk, slik at det ikkje duger noko særleg til å teikne opp isoglossar. Fenomenet er også sterkt på veg ut eller så å seie daudt mange av stadene det har eksistert, slik at det ikkje lenger er mogleg å finne på fleire av stadene det står at det skal ha eksistert. Som ein kan skjønne ut ifrå dette, har ikkje itakismen fått så mykje merksemd i dialektbøker – som regel får itakismen berre eit kort avsnitt eller to viktige til seg før ein så går vidare.

Denne oppgåva har dette marginale trekket som sjølve temaet sitt, og skal gjere eit forsøk på å komme til botns i kva det er med dette språktrekket som har gitt det ei så spreitt og usamanhengande geografisk utbreiing. Vi skal også sjå på kva fonologiske prinsipp som kan ha fått itakismen til å dukke opp i det heile tatt, og om det er ei vanleg endring eller ikkje. Vi skal deretter undersøke om det er mest sannsynleg at itakismen dei ulike stadene i Noreg tidlegare har hatt ei større og meir samanhengande utbreiing, eller om utbreiinga vi kjenner til frå nyare tid faktisk er den maksimale utbreiinga, slik at itakismen har oppstått mange ulike stader uavhengig av kvarandre. Til slutt skal vi sjå på den sosiale statusen til itakismen, kor forskjellig denne er på ulike stader i Noreg og kva det har hatt å seie for dei som har hatt dette språktrekket i talemålet sitt.

1.1. Omgrepet itakisme

Namnet itakisme har opphav i gresk språkhistorie. Frå den hellenistiske tida (år 323–31 f.Kr.) og framover byrja ei rekke vokalismar i det greske språket å falle saman med /i/. Dette førte til at lydane som var representerte av bokstavane <ι>, <η>, <υ> og kombinasjonane <ει>, <οι>, <υι>, fall saman i uttalen [i]. Både termene *iotacism* 'iotakisme' og *itacism* 'itakisme' finst i bruk, og dei har namna sine frå dei greske bokstavane iota <ι> og eta <η> (sistnemnde har moderne uttale [i:ta]). Desse endringane gjer at vi byrjar å sjå mykje feilaktig bruk av

teikna i greske kjelder frå det aktuelle tidsrommet, og omgrepet itakisme refererer til denne typen feilskrivning sett opp imot det klassiske greske systemet (Kazhdan 1991, s. 1021)

I norsk er itakismen henta inn som omgrep for når vokalen /y/ får endra uttale til [i] og derfor fell saman med fonemet /i/, slik at minimale par som *ny* ~ *ni*, *syl* ~ *sil* og *sky* ~ *ski* ikkje lenger får forskjellig uttale frå kvarandre: *ny* felles uttale blir [ni:], [si:l] og [ʃi:]. Norsk itakisme er best kjend frå regionen Solør-Odalen, som er den sørlege delen av gamle Hedmark fylke. Dette er nemleg det einaste samanhengande området der itakismen enno ser ut til å vere ein solid del av talemålet. Da nord-odølingen Fredrik deltok på MGPjr i 2018, kunne vi høyre i ein videosnutt der han presenterer seg at han liker å «singe mie og game mie» (NRK 2018, 01:00:57), som er eit godt døme på [i] i stillingar der vi ville ha forventa [y] etter eit meir typisk norsk system. Itakismen er observert mange andre stader enn Solør og Odalen, og desse stadene blir ramsa opp i kapittel 3. I tillegg til samanfallet /y ~ i/ blir det som regel også kalla itakisme når diftongen /øy/ får uttalen [ei], slik at det blir lik uttale mellom *hei* og *høy* og mellom *reik* og *røyk*.

I faglitteraturen kan vi i tillegg til «itakisme» møte termene *delabialisering* og *leppeavrunding*, og desse termene har reint fonologisk grunnlag. Både /i/ og /y/ er høge, fremre vokalar, men /i/ blir uttala med leppene i urunda stilling mens /y/ blir uttala med leppene i runda stilling. Eit talemål med itakisme opphevar dette skiljet ved at /y/ mistar lepperundinga si og fell saman med /i/. (Det er i verkelegheita meir enn berre forskjellen ±runding som har noko å seie for forholdet mellom desse to fonema. Dette blir diskutert i kapittel 3.4). Denne oppgåva bruker likevel stort sett itakisme, for det er ein forskjell at delabialisering og leppeavrunding kan referere til meir enn berre itakisme, for dei kan referere til alle tilfelle der ein runda vokal går over til å ikkje lenger vere runda. Det har t.d. også skjedd delabialisering/avrunding i dei trønderske talemåla der ein seier /smæ:r/ og /æks/ for ‘smør’ og ‘øks’ (denne endringa er omtala i Dalen 2008, s. 41–42). Eg bruker termen itakisme i denne oppgåva for å berre referere til overgangane /y > i/ og /øy > ei/. Der eg har brukt delabialisering, refererer det spesifikt til delabialisering av /y/ og /øy/, og ikkje generelt om alle labiale lydar. Ein kan også stille seg kritisk til om /øy > ei/ er itakisme på same måten som /y > i/, og dette tar eg opp i kapittel 3.3.

2. Kva kjem itakisme av?

2.1. Opphavet til fonemet /y/ i norsk (og andre språk)

Som fonemisk lyd i det norske vokalsystemet har /y/ ei kort nok historie til at vi kjenner til det omtrentlege tidspunktet han kom inn i språket. Dette var i synkoptida (omtrent år 500–700 e.Kr.), ei tid der det skjedde veldig mange endringar i nordisk språk i eit høgt tempo samanlikna med hundreåra både før og etter (jf. Torp og Vikør 2014, s. 35). I denne tida gjekk språket frå eit vokalsystem med fem fonemiske vokalkvalitetar til eit system med ni fonemiske vokalkvalitetar, som dei fleste norske dialektane enno har i dag. Dei nye vokalfonema kom til gjennom omlyd – fjernassimilasjonar der vokalen i rota vart påverka av ein trykklett vokal seinare i ordet (t.d. **hrugjar* → *hryggr* ‘rygg’, der halvokalen [j] trekte [u]-en til ein uttale nærmare seg, nemleg [y]). Da trykklette vokalar så fall bort (synkope), hadde språket minimale par, som mellom *hús* ‘hus’ og *hýs* (imperativform av *hýsa*). /y/ var no ein vokal som kunne bere meining separat frå både /i/ og /u/.

Det urnordiske vokalsystemet (før ca. år 500 e.Kr.) reknar vi med at såg slik ut¹:

	Fremre	Bakre
Høge	/i:/, /i/	/u:/, /u/
Mellomhøge	/e:/, /e/	/o:/, /o/
Låge	/a:/, /a/	

Tabell 1 – Vokalsystemet i urnordisk.

I norrønt (frå og med 700-talet e.Kr.) hadde vokalsystemet endra seg til å sjå slik ut (vokalane som oppstod ved omlyd, er markerte med **feit** skrift)²:

	Fremre		Bakre	
	Urunda	Runda	Urunda	Runda
Høge	/i:/, /i/	/y:/, /y/		/u:/, /u/
Mellomhøge	/e:/, /e/	/ø:/, /ø/		/o:/, /o/
Låge	/æ:/, /æ/		/a:/, /a/	/ɔ:/, /ɔ/

Tabell 2 – Vokalsystemet i tidleg norrønt, utan dei nasale vokalane.

¹ Torp og Vikør (2014, s. 37).

² Eg reknar her med systemet i eldre norrønt, rett etter at omlydane var fullførte, men før /æ/ fall saman med /e/ og /a:/ fall saman med /ɔ:/, som dannar det «klassiske» vokalsystemet som er brukt i normaliserte tekstar (jf. Torp og Vikør 2014, s. 40–41). Nasale vokalar hadde også fonemisk status i tidleg norrøn tid (Haugen 1995, s. 286), så talet på vokalfonem kan altså ha vore dobbelt så stort som i tabellen eg viser her.

Den største forskjellen mellom det norrøne og norske vokalsystemet er at dei lange bakre vokalane har flytta seg i ei kjedeforskuving. /u:/ flytta seg fram og vart til /u:/ (hu:s > hū:s/ 'hus'), /o:/ vart til /u:/ (so:l > su:l 'sol') og /ɔ:/ vart til /o:/ (hɔ:r/ > /ho:r/ 'hår') (Torp og Vikør 2014, s. 65–67). Det har også skjedd lågning med fremre korte vokalar i mange dialektar i ulik grad, som i enkelte dialektar resulterte i nye fonem (Torp og Vikør 2014, s. 64). Tabellen nedanfor viser eit moderne norsk system etter desse endringane (Torp og Vikør 2014, s. 68).

	Fremre		Midtre		Bakre
	Urunda	Runda	Urunda	Runda	Runda
Høge	/i:/, /i/	/y:/, /y/		/u:/, /u/	/u:/, /u/
Mellomhøge	/e:/, /e/	/ø:/, /ø/			/o:/, /o/
Låge	/æ:/, /æ/		/a:/, /a/		

Tabell 3 – Vokalsystemet i dei fleste moderne norske dialektane.

Utviklinga frå eit system med fem vokalkvalitetar i urnordisk til ni, som vi har i norsk i dag, er veldig interessant om vi samanliknar desse to vokalsystema med vokalsystema i andre språk ute i verda. Det finst språk som har både fleire og færre vokalar enn norsk har, men «typetalet» blant verdas språk er på fem (Maddieson 1984, s. 127). Dermed var det urnordiske vokalsystemet eit system av ein språktypologisk sett vanlegare type, mens dei norrøne og moderne norske vokalsystema har vorte til ein mindre vanleg type.


Kva vokalar språk har, er heller ikkje tilfeldig. Vokalane ligg helst mest mogleg spreidde frå kvarandre for å dekke så mykje som mogleg av det tilgjengelege rommet i munnen og gjere dei ulike vokalane maksimalt akustisk ulike kvarandre (Knudsen & Husby 2020, s. 50). Vokalane er også typisk veldig symmetrisk fordelte, slik som vi ser i det urnordiske vokalsystemet.

I det urnordiske vokalsystemet heng lepperunding saman med om vokalen er fremre eller bakre. Der det er kontrast (altså ved alle vokalane bortsett frå /a/), er dei fremre vokalane uttala med urunda lepper mens dei bakre vokalane er uttala med runda lepper. I norrønt og moderne norsk har dei fremre runda vokalane /y/ og /ø/ komme inn. No er det ikkje lenger ein dobbel kontrast mellom fremre og bakre vokalar i språket, for no finst det både fremre runda vokalar (/y/ og /ø/) og bakre runda vokalar (/u/ og /o/).

Fremre runda vokalar som [y] og [ø] er veldig sjeldne vokalar blant verdas språk. Dei er eit markert språktrekk, altså eit trekk som skil seg frå det ein ventar av eit språk, og desse vokalane er vanskelege å uttale for mange andrespråksbrukarar av norsk som ikkje kjenner til

dei frå språket/språka dei kan frå før av. Det har med persepsjon å gjere; lepperundinga har størst akustisk effekt ved høge og bakre vokalar fordi den gir lågare frekvens og forsterkar klangen på rundinga (Abrahamsen 2021, s. 12–13). Dette tyder at [u] (o-en i norsk *sol* eller u-en i norsk *bukk*) gjer den aller beste jobben som runda vokal, og at fremre vokalar ([y] og [ø]) gjer ein dårlegare jobb som runda vokalar enn dei bakre ([u] og [o]).

Kartet nedanfor er henta frå WALS (Maddieson 2013) og viser kvar i verda vi finn språk som har runda fremre vokalar:



Kart 1 – Distribusjonen til fremre runda vokalar i verda. WALS.
<https://wals.info/feature/11A#2/22.6/152.9>

	Value	Representation
○	None	525
●	High and mid	23
●	High only	8
●	Mid only	6
	Total:	562

Figur 5 - Kva fargane på figur 1 tyder.

Det er verdt å legge merke til at språk med fremre runda vokalar, sjølv om dei er sjeldne (dei førekjem i 0,7% av dei språka WALS har kartlagt³), klumpar seg opp i eit visst hjørne av verda, nemleg Eurasia. Dei er spesielt sterkt representerte i språkfamiliar som den

³ Men vi må hugse på at 562 språk ikkje er ein særleg stor del av verdas ca. 7000 språk, så dette er langt frå ei komplett oversikt.

uralske, den germanske, den tyrkiske og ei rekke kinesiske språk. På tvers av språka som har fremre runda vokalar, ser vi at førekkomsten av dei typisk har dukka opp gjennom vokalharmoni, som i uralsk og tyrkisk, eller assimilasjonar, anten til vokal, som i germansk, eller til konsonant, som i kinesiske språk (Maddieson 2013). Maddieson reknar ut ifrå den tydelege geografiske fordelinga med at fremre runda vokalar har lettare for å dukke opp og halde seg i eit språk dersom dei også eksisterer i andre språk som kan høyrast i nærområdet:

It seems likely that the hearing of sounds of this sort in some languages of the area may have given further support to phonetically natural processes in other languages, with the end result being the addition of front rounded vowels to the inventory of more of the languages.

Når vi har alt dette klart for oss, nemleg at [y] er ein sjeldan lyd mellom verdas språk og fungerer dårlegare som runda vokal fordi han er langt framme i munnen, ser itakisme ikkje så rart ut. Endringa tar språket eitt steg nærmare den globalt sett mest vanlege vokalfordelinga. Itakisme ser no ut som noko som kan ha lett for å skje, og som aktivt må bli hindra av andre prinsipp (t.d. kontakt med andre språk med same typar vokalar) for å ikkje skje.

Eit interessant poeng i nordisk samanheng er at begge dei to øynordiske språka islandsk og færøysk har gått gjennom itakisme, slik at dei manglar /y/-fonem (Karlsson 2004, s. 11, Lockwood 2002, s. 12–13). Itakisme kan derfor seiast å vere eit øynordisk fenomen. Islandsk og færøysk har også vore gjennom mange andre lydendringar som har påverka lydssystema deira, t.d. diftongering, differensiasjon og segmentasjon (Torp 1998, s. 50–52). Island og Færøyane har historisk vore mykje meir isolerte frå omverda enn Skandinavia har vore, og folket på desse øyane har hatt mindre kontakt med andre språk på grunn av den geografiske plasseringa deira. Skal vi tolke dette inn i mønsteret om fremre runda vokalar som noko som blir halde oppe av kontakt mellom språk, går det an å tolke itakismen i øynordiske språk som eit resultat av for lite kontakt med andre språk med [y] til at dei kunne stå imot det fonologiske presset mot å ha fremre runda vokalar. Begge språka har riktig nok enno eit /ø/-fonem, så fremre runda vokalar som konsept er ikkje fullstendig borte der.

3. Geografisk utbreiing i Noreg


Nedanfor er ei liste over alle stadene i Noreg eg har funne kjelde på at har eller har hatt itakisme som ein del av talemålet. Kunnskapsgrunnlaget for kvart enkelt av desse områda legg eg fram i kapittel 3.1. Det er også ein del variasjon i om berre /y/, berre /øy/ eller begge er delabialiserte. Viss ingenting er nemnt, er begge delabialiserte.

Itakisme-områda i Noreg (både notidige og potensielt fortidige) er:

- Solør og Odalen. Spesifikt kommunane Eidskog, Kongsvinger, Sør-Odal, Nord-Odal, Grue, Åsnes og Våler.
- Nedre Hallingdal og Midt-Buskerud. Spesifikt kommunane Sigdal, Krødsherad, Flå, Nesbyen og halvveges inn i Gol. I tillegg tilgrensande delar av Modum og Ringerike og tidlegare lenger oppover Hallingdalen ifølge Ross (1905, s. 25–26⁴).
- Lærdal og Årdal kommunar (og tidlegare delar av Luster⁵) i indre Sogn.
- Indre Nordfjord, meir spesifikt Stryn og Hornindal pluss tilgrensande delar av Eid og Gloppen. Her har overgangen berre skjedd med diftongen /øy/, og ikkje med /y/.
- Store delar av Romsdalen, spesielt langs Romsdalsfjorden. Spesifikt det meste av kommunane Hustadvika (tidlegare Eide og Fræna), Aukra, Molde (Molde, Midsund og Nesset) og delar av Vestnes og Rauma.
- Kommunane Averøy og Sunndal på Nordmøre, pluss noko av Gjemnes (desse kommunane grensar til Romsdalskommunane).
- Lesja i Gudbrandsdalen (heng saman med området i Møre og Romsdal).
- Fleire bygder i Trøndelag som er ligg geografisk spreidde frå kvarandre. Frøya, Åfjord (og gamle Roan), Osen, Snåsa og Lierne.
Frosta har overgangen /y > i/, men ikkje /øy > ei/.
Selbu, Meldal og Oppdal har overgangen /øy > ei/, men ikkje /y > i/.
- Senja i Troms, spesifikt eit område vest på øya og eit område nord på øya.

⁴ Ross skreiv at itakismen var «...ifrå Lærdalsøyri i Sogn framette ferdavegen genom Hallingdal o Krødsherad...», som tyder på at han meinte at itakismen gjekk langt nok opp i Hallingdalen til å møte Lærdal. Ingen andre kjelder eg har funne bekreftar dette (det blir elles berre sagt at det går opp til Herad i Gol). Det er altså berre basert på denne eine opplysninga frå Ross at eg har markert Hemsedal og heile Gol kommune på kart 2 (på neste side).

⁵ Luster er eg kritisk til, for den einate kjelda på dette er Larsen (1926, s. 51–52) som seier at tendensane er der, men at dei er veldig vanskelege å høyre. Det er spesielt verdt å stille kritiske spørsmål til sitatet hans om at «I Jostedalen er itacismen ikke meget mer iørefaldende end i normalnorsk».



Kart 2 – Områda i Noreg der itakisme har vorte registrert.

Fargelegginga er gjort av meg. Noregskartet er henta frå Wikipedia (2020).

3.1. Kjennskap til itakisme

Her er ei liste over dei eldste verka eg har funne som nemner itakisme frå kvart av områda. Nokre ekstra verk er lagde til dersom dei føyer til mykje viktig ekstrainformasjon som ikkje er nemnt i den eldste kjelda.

Hallingdal. Der Ivar Aasen i *Det norske Folkesprogs Grammatik* i 1848 (Aasen 1996, s. 25) beskriv uttalen av /y/ i dialektane frå dei områda han hadde samla inn data frå, er «en Deel af Hallingdal» det einaste området der han har kommentert itakisme. Døma han kjem med, er «nitt, dirt, lise». Han har også døme på overgangen *øy* > *ei*, som han seier at «findes i nogle Bygder (af Hall. og Guldb.), hvor det lyder som *ei* (*leise, steite*)» (Aasen 1996, s. 27). Ved alle desse overgangane nemner han at dette er den same utviklinga som i islandsk (som vi også nemnde i kapittel 2.1). Kjell Venås (1977, s. 42–46) gir mykje meir detaljert informasjon om geografisk avgrensing og sosiale forhold ved itakismen i Hallingdalen.

Solør-Odalen. Amund B. Larsen skreiv doktorgradsavhandlinga si (Larsen 1894) om Solørdialekten, som var hans eigen dialekt (han var frå Grue). Allereie på den første innhaldssida (Larsen 1894, s. 5) tar han opp itakismen:

Den solørske dialekt i videste forstand udmærker sig ved ét karakteristisk mærke fra, såvidt vides, alle andre på denne kant af landet, nemlig den såkalte *itacisme*, idet oldnorskens og andre bygdemåls y udtales omtr. som **i** og **øy** som **ei**.

Her trekker han altså fram itakismen som dét eine språktekket som Solørregionen tydeleg har felles og ikkje deler med naboane sine.

Nordvestlandet. Hans Ross, som samla inn store mengder dialektmateriale i *Norske bygdemaal* (Ross 1905–9), har registrert mange tilfelle av «Itakisme ell Y-løyse» (bolk 2, s. 25–26). Han har registrert at det finst:

heilt ifraa Lærdalsøyri i Sogn framette ferdavegen genom Hallingdal o Krødsherad o Sigdal ut te Soknedal paa Ringerike o de øvste av Snarom paa Modom; dessforutan i stordieldi av Solør, Vinger o Odal, i sumt av Lesja i NGBr., i Sunndal o fleire av de inste bygginne av Nordmøre o Romsdal, i Honndal o Stryn o fl. i Nordfjord.

Han får også med ein del vidare detaljar, som at Nordfjord og Romsdal typisk berre skal ha hatt overgangen ved /ei ~ øy/ (og ikkje /i ~ y/) og at mange folk med itakisme typisk kjem med ein del hyperkorreksjonar, altså at folk feilaktig sett inn [y] for [i] oftare enn det eigentleg skal vere. Eitt av døma han kjem med, er at å ‘breie høy’ blir å [brøye hei].

Amund B. Larsen (1926, s. 51–52) nemner om indre Sogn at itakismen var så å seie gjennomført i Lærdal, og at det også var teikn til det i Årdal, Luster, Hafslo og Jostedalen, men at ein kan «længe arbeide med en nogenlunde oplyst meddeler førend man mærker antydning til itacisme» (Larsen 1926, s. 52). I Jostedalen seier han i tillegg at itakismen gjennom Luster ser ut til å variere stort frå område til område, og at det i Jostedalen er «ikke meget mer iøiefaldende end i normalnorsk».

Helge Sandøy (2011b, s. 33–35) har meir informasjon om itakisme i Romsdalen. Han viser at det meste av Romsdalen har hatt overgangen berre ved /ei ~ øy/ (slik Ross beskriv), men at visse bygder i ytre Romsdalen også har hatt overgangen ved /i ~ y/.

Trøndelag. Arnold Dalen (1972, s. 25) registrerer itakismen mange ulike stader i Trøndelag der Ross ikkje hadde tatt med noko som helst. Dalen nemner Frosta, Roan, Åfjord, Osen, Kvernes og ytre Frosta, i tillegg til Selbu, der overgangen berre har skjedd ved øy.

I *Trøndersk språkhistorie* (Dalen 2008, s. 48) er også dei ytre delane av Frøya tatt med.

Opplysningar om overgangen øy > ei/æi i Meldal står i Stemshaug (1968, s. 416) og om Oppdal i Donali 1988, s. 40–41.

Per Helge Genberg (1989, s. 122–124) har med ein del om itakismen i bygda Sørli i Lierne kommune. Han har med ei ordsamling frå 1925 som kjelde i tillegg til personintervju han har gjennomført i bygda. Han har også med at Jørn Sandnes har notert ned det same frå Vestbygda i Snåsa (1954) i målføresynopsisen. Nikolai K. Kjenstad (1993, s. 13) nemner ein eldre uttale av diftongen /øy/ som [ey], med setninga «I rêyk’ pîp når I gjêt’ boṛṭi Snjøåsheygdom» som døme.

Nord-Noreg. Ragnvald Iversen (1913, s. 56–57) nemner itakisme i eit verk om Senjamålet. Han opplyser om at grenda Grunnfarnes på vestkysten av øya (i gamle Torsken kommune) er den einaste staden der itakisme har vore «tydelig og utpræget», men han nemner også at eldre menneske ved Øyfjorden, lengst nord på øya, også skal ha hatt itakisme. Iversen skriv også at «allerede nu er den sjelden blandt den opvoksende slegt», slik at det ikkje vil vere kontroversielt å rekne med at trekket ikkje lenger finst på Senja i dag, meir enn 100 år seinare.

I eit innlegg av Senjamållaget på Facebook (Senjamållaget 2019) kjem dei med to døme på ord som dei meiner ein enno skal kunne finne med *i*-uttale i (gamle) Torsken kommune, og som altså kan representere små restar av itakisme: «*i*:mess(t)» ‘ymis(t)’ og «*i*vilêr» ‘overlêr’. Dette er i så fall etterlevingar av den tidlegare meir gjennomførte itakismen.

Amerikanorsk. Hjelde (1992, s. 41–43), som skriv om trønderske talemål blant norske utvandrarar til USA, seier at «Delabialisering av /y/ finn ein manifestert hos dei fleste trøndsk-amerikanske språkbrukarane». I motsetnad til i Noreg ser det altså ut til at itakismen verkeleg blomstra i det amerikanorske språksamfunnet. Dette koplar Hjelde opp til interferens, og dette poenget bygger også under teorien til Maddieson (2013) som eg brukte i kapittel 2 om at itakisme lett skjer viss eit språksamfunn har for lite kontakt med andre språksamfunn der dei runda fremre lydane er å høyre.

3.1.1. Jamføring med målføresynopsisen

Om vi jamfører alle desse kjeldene med uttalane av ord med /y/ og /øy/ som er oppførte i målføresynopsisen⁶ (UiB 2023), ser vi dette:

- Uttale med [i] er den einaste oppførte uttalen i Solør-Odalen og midtre Buskerud
- I Nordfjord er former med [æi] eller [ɛi] førte opp i Stryn og Hornindal. Det er ført inn mange kommentarar her om at det er mykje [æi]- og [ai]-liknande uttalar ute og går generelt i indre Nordfjord. Bygdene Lote og Torheim er nemnde spesifikt i kommentarane.
- I Romsdalen og på Nordmøre varierer det mykje frå bygd til bygd om det er ført inn [i] eller [y]. For Eide er det lagt inn kommentar om at «yngre folk uttalar no ofte *y*, medan dei eldre alltid brukar *i* for *y*».
- På Fosen er det lagt inn kommentarar om at det er (dels svak) delabialisering i Osen, frå Steinsdalen og nedover, mens det ikkje er noko om dei andre. Frøya har heller ikkje noko.
- Meldal og Oppdal har [ei] for /øy/ der han ikkje har vorte monoftong. I Selbu er berre ordet ‘høy’ skriva med <ei>, og ikkje noko av dei andre orda med /øy/.
- Frosta har ført inn former med [y], men har også former med [i] i parentes.

⁶ Målføresynopsisen (UiB 2023) er ei samling av språkleg data frå Noreg basert på *Storms ordliste* (Storm 1884). Dataa er samla inn mellom 1930–1970 og består av 43 band. Dataa er førte opp i tabellar og er sortert etter fylke og kommunar, og har med informasjon frå 1300 bygder.

- Snåsa har kommentar om at det er itakisme hos eldre på Vestbygda. For Sørli er det kommentar om at [y] er «lite runda, men ikkje ÿ».
- Ingenting er ført opp for Senja.

Alle stadene unntatt Solør-Odalen og midtre Buskerud har både uttale med [i] og [y] notert hos seg, som viser oss at itakisme ikkje har vore fullstendig gjennomført der, i alle fall ved tidspunktet materialet er samla inn. Dette passar saman med det som er beskrive om desse stadene – at det for det aller meste er dei eldre generasjonane det har stått sterkast hos ved nedskrivningstidspunktet, og at det ofte har hatt eit intensitetssentrum, t.d. Vestbygda i Snåsa (Genberg 1989, s. 122–124) eller Gravem i Sunndalen (Jenstad 1985, s. 31–32).

3.2. Kan den geografiske fordelinga i Noreg seie oss noko som helst?

Den norske itakismen er vanskeleg å setje inn i eit meningsgivande mønster. Itakismen heng ikkje saman med isolasjon på ein innlysande måte – det er mange stader der ein kan argumentere for at itakisme kan henge i hop med relativ isolasjon (t.d. nedre Hallingdalen), men det er minst like mange stader det er vanskeleg å argumentere for at det har vore noko meir isolasjon enn andre stader der vi ikkje kjenner til nokon tendens til itakisme, t.d. Romsdalen eller Frosta. Itakismeområda i Noreg viser heller ikkje nokon tydeleg samanheng med språkkontakt, for sjølv om ein kan trekke fram Solør og Snåsa-Lierne som stader der det har vore språkkontakt mellom norsk og uralske språk, forklarar ikkje dette at det har vore itakisme på stader som Hallingdalen, indre Sogn eller Romsdalen, der det ikkje har vore noko meir kontakt med andre språk enn andre stader i Noreg. Det ser derfor ikkje ut til å vere mykje å gå på ved å sjå på den norske itakismen på denne måten.

3.3. Er det riktig å kalle [øy > ei] itakisme?

Dei fleste stadene itakisme har dukka opp, har vokalismene [y] og [øy] følgt kvarandre i å bli delabialiserte, men i Nordfjord, noko av Romsdalen, Meldal, Oppdal, Selbu og Frosta har dei ikkje det, så dei er ikkje nøydde til å vere eit «2 for 1»-kjøp, og dei kan også gå i ulike vegar når itakismen går bort. Jenstad (1985, s. 64) nemner at [øy > æi] er «meir fullstendig gjennomført både hos eldre og yngre enn delabialisering av y». Det same har gjeldt både for Romsdalen og Snåsa (munnlege opplysningar). Meldal, Oppdal og Selbu er dessutan litt vanskelege døme, for dei er veldig diftongfattige dialektar pga. at diftongane [ei] og [øy] vart monoftongerte før konsonant i desse dialektane (Skjekkeland 1997, s. 60). På grunn av dette, og at dei ikkje heng i hop med eit område med [i > y] (slik bygdene i Romsdalen gjer), er det etter mi mening vanskeleg å kalle delabialiseringa i Meldal, Oppdal og Selbu for itakisme.

Eg har tatt dei med i kartet (med opplysningar om kvar det berre har skjedd ved [ei]), og karakteriserer derfor dette trekket hos dei som ein type itakisme, men spesielt i kapittel 5, som handlar om sosiale forhold rundt itakismen, er det nok helst snakk om delabialiseringa av /y/ slik at det som står der ikkje nødvendigvis er særleg relevant for delabialisering av /øy/.

3.4. [y], [i] eller noko i mellom? Om uttalen [i]

Eit viktig poeng å nemne om itakismen er at delabialisering av [y] og samanfall med [i] ikkje nødvendigvis må vere ei og same sak. Fleire som har skrive om itakismen har kommentert at mange «itakistar» har ein delabialisert /y/-uttale som likevel ikkje fell saman med /i/, altså at dei framleis kan forskjellen på dei to fonema. Hjelde (1992, s. 41–42) seier at dette har vore ein vanleg uttale i amerikanorsk, og Dalen (1985, s. 244) opplyser om same uttale frå Frosta: «Av folk utanfor bygda blir det oppfatta slik at frostamålet har oppheva motsetnaden /i/ ~ /y/, mens dei frostingane som delabialiserer /y/, meiner å ha motsetnaden».

Grunnen til at dei to fonema ikkje fell saman sjølv om /y/ blir delabialisert, er at /i/ og /y/ også er distinkte på ein annan måte, nemleg uttrekte munnviker. /i/ har +uttrekte munnviker og /y/ har -uttrekte munnviker. Dette systemet meiner både Dalen og Hjelde at er systemet i frosting og amerikanorsk (for dei som har det delabialiserte /i/-fonemet).

«Typisk» norsk system

	Fremre	
	Urunda	Runda
Høge	/i:/, /i/	/y:/, /y/
Mellomhøge	/e:/, /e/	/ø:/, /ø/
Låge	/æ:/, /æ/	

Systemet etter delabialisering av /y/

	Fremre	
	Uttrekte munnviker	Ikkje uttrekte munnviker
Høge	/i:/, /i/	/i:/, /i/
Mellomhøge	/e:/, /e/	/ø:/, /ø/
Låge	/æ:/, /æ/	

Tabellar 4 og 5 – Norsk vokalsystem (berre fremre vokalar) før og etter delabialisering /y > i/.

I målføresynopsisen er det stor variasjon for områda der det er ført inn itakisme i om teiknet *i* eller *ï* er brukt – også frå nabokommune til nabokommune i ±dei samanhengane regionane Solør-Odalen og nedre Hallingdal. Oppteikninga nedanfor frå Solør viser at *i* er brukt i bygder som Eidskog og Åsnes/Hof, mens *ï* er brukt i Vinger, Grue og Våler. Finnskog-oppteikninga til J.H. framstiller inkonsekvensen aller mest, for her viser også oppskrivaren at

det ikkje er lett å høyre for ein utanforståande kva uttale det er som gjeld: «nī > ĩ?» (sjå bilde 1)

Eidskog	K.F.	nī	bī	šī
	J.H.	nī	bī	šī
Bolskog	J.G.	nī	bī	šī
Vestmarka	J.G.	nī	bī	šī
Vinger	O.Tr.	nī	bī	šī
	F.B.S.	nī	bī	šī
Brandval	P.D.	Vormel: nī	bī	šī
Finnskog	J.H.	nī > ĩ?	bī > ĩ?	šī
Grue	H.B.L.	nī		šī
Finnskog	A.M.A.	nī	bī	šī
Hof Åsnes	I.H.	nī	bī	šī
Våler	J.E.	nī	bī	šī

Bilde 1 - Oppteikning av nokre y-ord frå Solør-regionen i målføresynopsisen.

Venås (1977, s. 44) kommenterer det at *ī* er notert på same måte for nokre av hallingdialektane, og seier:

Men var skilnaden fast, skulle han alltid vera stor nok til å verke sameleis for dei som brukar målet, som skilnaden mellom *i* og *y* eller *ei* og *øy* verkar for andre. Det spørst om det ikkje er somme oppskrivningar som har teke i miss. Det er mange utsegner av heimelsfolk frå Herad, Nes og Flå om at dei har nett same lyden i ord som skulle ha *i*, som i ord med *y*, og tilsvarande for *ei* og *øy*. Og det er då dei som talar målføret, som må ha det avgjerande ordet i ei slik sak.

Det ser ut til at det følger med ein del idiolektisk variasjon når det gjeld delabialisering av /y/, og at nokre folk har kutta skilnaden /i ~ y/ heilt, mens andre berre har redusert skilnaden ved å ikkje lenger runde /y/, men enno har fått til å oppfatte forskjell mellom dei to vokalane på grunnlag av uttrekkingsgraden på munnvikene. Når forskjellen mellom [i] og [i̥] ikkje alltid er lett å oppfatte for dei som ikkje har uttalen [i̥] i språket sitt, i tillegg til at begge uttalanane sikkert har eksistert blant folk i alle itakisme-bygdene, har nok dette punktet vore

umogleg å framstille på ein ryddig måte for ein oppskrivar, spesielt ein oppskrivar som ikkje var frå den same bygda.

4. Opphavstidspunkt og mogleg historisk utbreiing

Fleire har spekulert i om itakismen kan ha vore eit meir utbreitt fenomen tidlegare enn det er i dag. Éin av dei som lurar på dette, er Venås (1977, s. 43):

Men same slags avrunding er det og å finne på den andre sida av dalen, i målet i Lærdal i indre Sogn. Det kunne såleis sjå ut til at det hadde vore samanheng for avrundingi av y og øy gjennom Hall., og ein kunne kanskje dra eit endå større målgeografisk mynster og spørja om det skulle ha vore ein samanheng austover heilt til Solør og Odal.

Eit liknande poeng om trøndersk kjem frå Dalen (Eide et al 2017, s. 21):

Konklusjonen må bli at overgangen y>i og øy>ei kan ha vore meir utbreidd innanfor fosenmåla, men det er ein overgang som ikkje kan gå svært langt tilbake i tid. Tilfella av denne overgangen er for spreidde og usystematiske til det.

Alt i alt kan hypotesen som skal diskuterast i kapittel 4 framstillast slik:

- Kan den spreidde geografiske utbreiinga til itakismen i Noreg forklarast med at dette er ein rest frå eit tidlegare samanhengande (i alle fall meir samanhengande) itakismeområde som seinare har vorte trengt tilbake og vorte spalta i mange ulike delar?

4.1. Kva er eit spor av itakisme og ikkje?

Viss vi blindt leitar etter ord med [i] i stillingar der vi ville ha forventa [y] i norske varietetar, kjem vi til å finne mange fleire tilfelle av dette enn berre det som har med itakisme å gjere. Dette gjeld både i eldre skriftlege kjelder og i moderne norske talemål. Spesielt former som *firi* 'før' og *ivi* 'over' er vanlege i mange dialektar utanfor itakismeområda (frå norrønt *fyrir* og *yfir*), og dei kan derfor lokke oss til å tenke på itakisme, ettersom ein opphavleg [y] har vorte til [i], men overgangen til [y] i desse orda kan forklarast som ein vokalreduksjon i norrønt, fordi berre vokalane [a], [i] og [u] kunne stå i trykklett stilling. Ord som preposisjonane *fyrir* og *yfir* stod ofte i trykklett stilling, og y-ane i desse orda kunne derfor bli reduserte pga. dette.

Venås (1977, s. 45) kjem med ein del døme på ord frå hallingmål generelt (ikkje berre itakisme-området i Hallingdalen) der hallingdølar ser ut til å ha tatt feil mellom [i] og [y] samanlikna med uttalen i nabodialektane (og norsk skriftspråk). Orda han trekker fram, er *riggē* ‘rygge, gå bakover’, *jymmer* ‘gimmer, ungsau’, *klyppar* ‘ein som er framifrå’, *klyppe* ‘klippe (verb)’, *klyvę* ‘klive/klyve’, *skryft* ‘skrift’, *bløyg* ‘bleig, kile’, *löyte* ‘leite, tidspunkt’, *bröyę* ‘breie, jamne ut’, *röyk* ‘reik, skiljeline i håret’, *flöyreę* ‘fleire’, *öyjind* ‘eiend, spire av korn eller grasfrø’. Venås ser ikkje på dei fleste av desse orda som relevante for itakismen, for dei har det til felles at vokalismen for det aller meste har ein *r*, *m* eller tjukk *l* ved sida av seg. Dette stammar frå ei endring som skjedde allereie på 1300-talet, kalla labial-omlyd (*labial-ljodbridge* i Indrebø 1951, s. 114). Labialomlyden gjekk ut på at [i] vart runda til [y] inntil [f], [p], [b], [m], [l] eller [r] + konsonant. Indrebø viser til hyppige gammalnorske skrivemåtar frå denne tida, m.a. *klyppa*, *Grymkell*, *sylfr*, *Þorgyls*, *vyrða*. Sjølv om dette altså ikkje er relevant for å påvise itakisme, er det eit vidare belegg på at forskjellen mellom /i/ og /y/ i språket er sårbar, og at dei to uttalane lett kan gå over i kvarandre. Nokre av orda trekker Venås fram som ord der hallingmåla skil seg frå andre norske talemål, nemleg *riggē*, *skryft*, *styre*, *röyk* og *öyjind*. Men fordi alle unntatt *öyjind* har [r] inntil seg, passar dei betre inn i labialomlydsmønsteret enn itakismemønsteret (som er eit allment samanfall).

Dalen (1985, s. 246–247) har med gode døme på restar av itakisme på Frosta som har overlevd blant folk som elles har forskjell på /i/ og /y/. Særleg partisippformer av sterke verb er interessante her, for fleire av desse har hatt *y-y* som vokalar i nabodialektane til Frosta (altså i Skogn), mens itakismen på Frosta delabialiserte dette til *i-i*. Sjølv om frostingar i dag bruker lyden [y], skal det enno vere sterk tendens til at uttale med *i-i* i partisippformene held seg og ikkje går over til det skogske systemet: [fiŋ:i], [spiŋ:i], [viŋ:i], [biŋ:i], [dric:i], [stic:i], [briŋ:i], [riŋ:i], [smiŋ:i], [sviŋci], [dit:i], [sliŋ:i], [viŋ:i] (nynorsk: *funne*, *spunne*, *vunne*, *bunde*, *drukke*, *stukke*, *brunne*, *runne*, *smolle*, *svolte*, *dotte*, *sloppe*, *vorte*). Her har det itakistiske mønsteret truleg halde seg fordi det har representert ei forenkling av systemet (i staden for det nabodialektane gjer, når dei har nokre verb med mønsteret på *i-i* og andre på *y-y*, jf. Dalen 1985, s. 247). I viser han til uttalen [spi:orin] ‘spysjuk’ som døme på eit ord der itakismeuttalen har overlevd godt blant «ikkje-itakistar». Denne uttalen av akkurat dette ordet er også notert frå Leksvik, naboen på motsett side av Trondheimsfjorden (Eide et al 2017, s. 21), og kan da anten vere eit teikn på tendensar til itakisme derfrå eller eit lån frå Frosta. Når vi ikkje har meir data enn akkurat dette ordet og ikkje veit meir, må vi nok gå ut ifrå det siste.

Dalen nemner også gardsnamnet *Island* på Frosta som eit mogleg resultat av itakisme. Dette namnet har vorte tolka til å komme frå *Ýtztland* ‘ytstland, det ytste landet’ heller enn ‘is-

land', og i så fall må uttalen med [i] vere eit resultat av itakisme. Rygh (1903, s. 72) ramsar opp følgande skrivemåtar frå dei historiske kjeldene som nemner garden: «*Island NRJ. II 235. Islandt DN. XI 776, c. 1550, Yslandt 1559. Island 1610. Ißland 1664. Iisland 1723*». Å komme til slutningar om historisk uttale basert på historiske skrivemåtar er veldig problematisk, for skrivemåtane frå denne tida vekslar uansett på måtar som er heilt fråkøpla det som kan ha vore aktuelt som samtidig faktisk uttale, så dette eine namnet hjelper oss ikkje til å fastslå at det har vore itakisme på Frosta sidan 1500-talet. Vekslande skrivemåte mellom <i> og <y> er ikkje unikt for denne garden frå oppskrivningane vi har frå denne tida, så sjølv om dette er interessant, er det vanskeleg å komme lengre med dette.

I dette delkapittelet har vi prøvd å seie noko om itakisme i fortida ved å sjå etter spor av itakisme i eksisterande talemål eller i kjelder. Dette har vi ikkje komme særleg langt med, ikkje fordi slike spor ikkje finst, men fordi spora vi veit om ikkje sikkert kan tolkast som restar av itakisme. Ein kan ikkje ta desse punkta vidare for ein argumentasjon om itakisme når ein kan argumentere imot at det i det heile tatt er snakk om itakisme her.

4.2. Relativ kronologi

Relativ kronologi er eit språkvitskapleg dateringsprinsipp som handlar om at ei lydendring i eit språk alltid gjer om på noko i lydsystemet på eit spesifikt tidspunkt. Derfor er ikkje lydsystemet i språket berre eit resultat av kva endringar som har skjedd med det, men også av den spesifikke rekkefølga endringane skjedde i. Dette har med at lydendringar skjer «blindt» for eventuelle tidlegare distinksjonar som fanst i systemet – ein distinksjon som har vorte viska vekk av ei lydendring kan aldri gjenoppstå på den same måten igjen, altså med dei nøyaktig same orda i kvar si gruppe. Med relativ kronologi kan ein stille opp to lydendringar mot kvarandre og finne ut kva for ei av dei to som har komme før den andre. Viss ein har opplysningar om når endring A skjedde, kan ein med relativ kronologi finne ut om endring B skjedde før eller etter endring A.

Campbell (2020, s. 42-43) viser til eit døme på relativ kronologi i urnordisk, nemleg mellom dei to endringane synkope (trykklette vokalar blir borte) og omlyd (trykk tung vokal får uttale meir lik trykklett vokal i same ordet). Det urnordiske ordet *gastir* 'gjest' vart påverka av begge desse endringane da dei slo inn, så uttalen ordet fekk på norrønt kan røpe for oss kva av dei to endringane som skjedde først.

	Hypotese 1: Omlyd A Synkope B	Hypotese 2: Synkope A Omlyd B
Urnordisk	<i>gastir</i>	<i>gastir</i>
Endring A	<i>gestir</i>	<i>gast</i>
Endring B	<i>gestr</i> ✓	<i>gast</i> ✗

Tabell 6 – Urnordisk døme på relativ kronologi.

På norrønt møter vi forma *gestr*, og dette røper for oss at hypotese 1 er korrekt. Nøkkelen er at omlyd per definisjon treng ein trykklett vokal for at det skal ha skjedd (ein trykklett vokal kan ikkje forsvinne dersom han ikkje var der i utgangspunktet).

Det same prinsippet kan brukast på itakisme, så lenge ein finn andre lydendringar som har påverka distribusjonen til [y]. Ei slik endring er lågning, som gjorde kort [y] om til [ø], t.d. *spyrja* > *spørje* eller *yngre* > *øngre*.

	Hypotese 1: Itakisme A Lågning B	Hypotese 2: Lågning A Itakisme B
Før endringane	<i>yngre</i>	<i>yngre</i>
Endring A	<i>ingre</i>	<i>øngre</i>
Endring B	<i>engre</i> ✗	<i>øngre</i> ✓

Tabell 7 – Relativ kronologi med itakisme og lågning.

Her må vi vere merksame på at det er stor variasjon frå dialekt til dialekt i Noreg når det gjeld kor mykje lågning som har skjedd i dei. Derfor tar vi no utgangspunkt i fleire ord i fleire dialektar i tabell 8 og samanliknar kvar dei har fått kva. Ordformene er henta frå målføresynopsisen, og dei varierende skrivemåtane er normalisert til IPA-skrift (utan å gjere forskjell på t.d. [i] og [i̥] og andre skrivemåtar som ikkje ser ut til å reflektere nokon reell isogloss e.l.).

	Nynorsk (e-inf.)	fylle	bygd	yngre	løfte/lyfte	følg(j)e/fylg(j)e
	Norrønt	fylla	bygð	yngri	lyfta	fylgja
Solør	Grue	<i>fiʌʌə</i>	<i>bigd</i>	<i>injɾə</i>	<i>løftə</i>	<i>føLjə</i>
	Våler	<i>fiʌʌə</i>	<i>bigd</i>	<i>injɾə</i>	<i>løftə</i>	<i>føLjə</i>
Buskerud	Krødsherad	<i>fillə</i>	<i>bigd</i>	<i>injɾə</i>	<i>liftə</i>	<i>føLjə</i>
	Nesbyen	<i>fillə</i>	<i>bigd</i>	<i>injɾə</i>	<i>liftə</i>	<i>føLə</i>
Møre og Romsdal	Eide	<i>fiʌʌ</i>	<i>bøgd</i>	<i>øɲɲər</i>	<i>løftə</i>	<i>fø:L</i>
	Sunndal	<i>fiʌʌ</i>	<i>bøgd</i>	<i>øɲɲər</i>	<i>løft</i>	<i>få:L</i>

Tabell 8 – Ulike resultat av /y/ i ulike ord i ulike bygdedialektar.

Av tabellen ser vi tydeleg at lågninga må ha komme før itakismen. Lågningsproduktet av kort [y] er alltid ein [ø], og aldri ein [e], slik vi ville ha kunna rekne med å finne dersom [y] allereie hadde vorte til [i] ved tidspunktet lågninga skjedde. Former som *[begd] eller *[leftə] dukkar ikkje opp i norske talemål. Ordet *fylle*, som ikkje har fått lågna rotvokal i noko av materialet, har alltid fått denne vokalen delabialisert, mens ordet *følgje*, som har fått lågna rotvokal i heile materialet, aldri har fått delabialisering.

Lågning av ord med kort rotstaving er påvist i dialektskriving frå 1600-talet med skrivemåtar som *Beel* ‘bel, stund’ og *Tele* ‘tele’ (norrønt *bil* og *pili*) (Sandøy 2011a, s. 136), og vi kan dermed gå ut ifrå at det dukka opp på 1500/1600-talet. Den nordafjelske lågninga i ord med lang rotstaving er påvist frå 1700-talet med skrivemåtar som *vesst* ‘visst’ og *Hæsta* ‘hestar’ (Sandøy 2011a, s. 136). Når vi gjennom relativ kronologi veit at lågning er eldre enn itakisme, kan ikkje itakismen ha dukka opp mykje tidlegare enn rundt år 1700, ettersom det først er rundt det tidspunktet lågninga kan ha vorte gjennomført. Sandøy (2011a, s. 136) har den same argumentasjonen for desse endringane når han snakkar om romsdalsk.

Ei anna endring vi kan undersøke via relativ kronologi med itakisme er monoftongering. Monoftongering har komme inn i norske talemål i to bølger (Sandøy 2018, s. 197–198). Den eine bølga kom frå over svenskegrensa på 1600-talet og spreidde seg til Østerdalen og indre Sør-Trøndelag, og ga dei former som /be:n/ ‘bein’ og /rø:k/ ‘røyk’. Den andre bølga kom på 1800-talet og spreidde seg på Nordmøre, i Romsdalen og på Innherad, og ga former som /be:n/ og /rø:k⁷/. Denne 1800-talsmonoftongeringa var internspråkleg – ikkje

⁷ Dei nye vokalane på Nordmøre og Innherad er opnare enn /e/ og /ø/, og har ikkje falle saman fonemisk med dei.

eit resultat av spreining frå andre område (Sandøy 2018, s. 198). Da vi krysspeila itakisme mot lågning ovanfor, fann vi ut at itakismen må ha dukka opp rundt år 1700, altså midt i mellom desse to monoftongeringsbølgene. Dersom dette stemmer, skal vi altså kunne vente å finne den opphavlege diftongen /øy/ som [ø:] der monoftongeringa skjedde på 1600-talet, men som ein delabialisert [e:] eller [æ:] der ho skjedde på 1800-talet.

	Nynorsk (e-inf.)	høy	brøyte
	Norrønt	hey/høy ⁸	breyta/brøyta
Romsdal	Neset	<i>hæi</i>	<i>bræ:tə</i>
Trøndelag	Oppdal	<i>hæi</i>	<i>brô:t</i>
Buskerud	Nesbyen	<i>hæi</i>	<i>bræitə</i>

Tabell 9 – Ulike resultat av /y/ i ulike ord i ulike byggedialektar.

Ordet ‘høy’ har ikkje fått monoftong i nokon av dei tre dialektane i tabellen fordi monoftongeringa berre skjedde i ord som hadde konsonant til slutt. Dermed har diftongen i dette området vorte delabialisert. Ordet ‘brøyte’ har derimot tatt tre ulike vegar i desse tre dialektane. I Nesbyen skjedde det ikkje monoftongering, slik at dei sitt igjen med delabialiserte /æi/. I Oppdal, der ordet fekk monoftong på 1600-talet, vart ikkje den nye monoftongen delabialisert, så dei har ein /ø:/. I Neset, der ordet fekk monoftong på 1800-talet, er den nye monoftongen ein delabialisert /æ:/, som får det til å sjå ut som at utviklinga har vore /brøyta > bræitə > brætə/. Dette peiker da også tydeleg mot at itakisme/delabialisering må ha dukka opp etter ca. år 1600, men før 1800-talet.

4.3. Resultata frå relativ kronologi

Itakisme i norske talemål er ei internspråkleg utvikling som dukka opp omtrent rundt år 1700. Den spreidde utbreiinga kjem ikkje av at eit større samanhengande område har trekt seg tilbake – det maksimale området med gjennomført itakisme har nok ikkje sett stort annleis ut enn det området vi kjenner i dag. At itakisme har vore å finne på så mange ulike stader uavhengig av kvarandre har med at fremre runda vokalar er eit markert trekk blant verdas språk og har eit sterkt fonologisk press imot seg, slik at det er mogleg å rekne med at denne utviklinga kan ha gått føre seg fleire stader uavhengig av kvarandre.

⁸ Normalisert norrønt har <ey> for moderne norsk <øy>, men <øy> er også ein vanleg skrivemåte i gammalnorske tekstar, og ein av dei skriftlege skilnadene mot gammalislandsk (Berg 2014, s. 29).

Dei skriftlege døma på blanding mellom <i> og <y> i skrift frå gammalnorsk tid kan vere teikn på liknande tendensar som itakisme, men dei ser ikkje ut til å henge saman med itakismen vi observerer i moderne norske talemål.

Teoriar om at itakismen er det siste steget i kjedeforskuvinga av lange vokalar i mellomnorsk tid (altså at /y:/ fekk press bakifrå av /u:/)⁹ kan ikkje stemme dersom itakisme dukka opp først på 1700-talet, som vi har komme fram til. Ein kan også vere kritisk til andre teoriar om at itakismen er eldre enn dette, som t.d. Iversen (1913, s. 56–57) som meiner at itakismen på Senja stammar tilbake til mellomalderen, eller Haugen (2018, s. 278) som viser til skrivemåtar med <y> for <i> som Seip (1955, s. 154) har oppdaga.

5. Eit sociolingvistisk blikk

5.1. Saliens

Saliens er eit omgrep som har vorte brukt innanfor mange ulike greiner av lingvistikk (Boswijk & Coler 2020, s. 715-719). Ordet saliens er frå engelsk *saliency* og tyder ‘det å vere framstående, stikke fram’, og i lingvistisk samanheng handlar det om at eit språkleg element er veldig synleg og lett blir oppfatta. Viss ein snevrar inn omgrepet saliens til den sociolingvistiske forstanden, går det ut på kva språklege særtrekk språkbrukarar legg merke til når dei er i kontakt med ulike språk og dialektar, t.d. kva språktrekk folk grip til når dei hermar etter ein annan dialekt, eller kva dei vel å kommentere når dei blir spurte om korleis folk snakkar i eit område.

Omgrepet saliens har vorte kritisert av mange for å vere upresist og sjølvrefererande (Rácz 2013, s. 25–31). Dette har med at vi har dårleg kunnskap om kva prinsipp det er som gjer til at nokre språktrekk blir sterkt framstående for folk mens andre trekk blir så å seie usynlege. Dette gjer at det er vanskeleg å komme lengre enn «saliente trekk har saliens fordi dei er saliente». Peter Rácz (2013, s. 37), som har tatt utgangspunkt i saliensomgrepet frå kognisjon, kjem med denne forklaringsmodellen for saliens: «A segment is cognitively salient if it has a large surprisal value when compared to an array of language input». Han legg altså stor vekt på overrasking ved at eit trekk skil seg kraftig frå dei språklege mønstera lyttaren elles er vant med å høyre/sjå i rundt seg. Rácz kallar det *kognitiv saliens* og introduserer i tillegg *sosial saliens*, som elles er vanleg å kalle *registerdanning* (Hårstad et al 2021, s. 39), og dette er når språkbrukarar gir eit kognitivt salient språktrekk ein indeks og assosierer

⁹ Denne teorien kjem m.a. Indrebø (1951, s. 116) med. Eit anna argument imot teorien, som Skjekkeland (1997, s. 48) er at endringa [u: > u:] ikkje skjedde i hallingmål, sjølv om itakisme har skjedd der.

trekket med visse typar folk – geografisk eller sosialt; «Dette er slik dei snakkar». Kognitivt saliente språktrekk utgjer altså eit repertoar folk ubevisst plukkar frå når dei dannar eit språkleg register, og det som blir plukka ut, blir sosialt saliente trekk. Rácz understrekar at dette er ein ubevisst prosess hos språkbrukaren og at det er veldig få kognitivt saliente trekk som endar opp med å bli sosialt saliente.

5.2. Itakismen sin saliens

Som vi såg i kapittel 3.1, skreiv Amund B. Larsen om Solør-dialekten (1894, s. 5) at itakismen er det einaste språktrekket som tydeleg skil Solør og Odals-dialekten frå alle naboane sine. Dette skreiv han for meir enn hundre år sidan, men også i nyare tid ser vi at itakisme i den regionen spelar ei stor rolle i å signalisere den lokale dialekten. I *Heilt odøling* (Rørholt 1996, s. 19) er det samla historier og anna som går på bygdestereotypiar om Odalen. Her har itakismen fått god plass, og vi ser her at dette er eit særmerke folket i regionen er tydeleg klare over at dei har og at det er noko som skil dei frå folk som ikkje er frå regionen:


Odalsdialekten mangler bokstaven Y – eller riktigare – den er der, men «vi benitter’n itte».

Utenom Odalen kan det lett bli misforståelse når skytterlaget innbyr til «skitekonkurrans» eller at kjerringer «sikler på butikken». Når odølingen har vondt i «riggen», har han ikke pådratt seg verken kjønssykdom eller ulykke. Det kan rett og slett skyldes at «ripesekken var før tong ta tipper». Ungguten som vågde seg hematt med ei «bifrøken», utbrøt da de skuet ut over Storsjøen: «Nå får du nite sinet».

Her ser vi at itakisme har kraftig saliens i odølsk samanheng. Det er noko som lett skapar misforståingar, og noko ein kan legge over til for å herme og gjere eit poeng ut av dialekten. Den sosiale saliens til trekket er kraftig nok til at det å bytte ut [y] med [i] er nok i desse samanhengane til å signalisere odøling. T.d. får odølingen vondt i «riggen». Dette får ikkje andre nordmenn – dei får vondt i ryggen. Bytt ut den eine lyden, så har du peikt på odølingane og korleis dei snakkar.

Eit praktisk døme utgjer Joker Braskereidfoss (lengst nord i Solør). Dei fekk mykje merksemd i 2018 for at dei skreiv tilbodsreklamar på lokal dialekt (Østlendingen 2018). Eit av grepa dei brukte for å markere den lokale dialekten var å skrive <i> for <y>. Som vi ser på dei to døma nedanfor er det skrive <lis> for ‘lys’ og <mie> for ‘mykje’, i tråd med dialektuttalen.

Dette illustrerer at itakismen i Solør er noko folk grip til, også i skrift, for å gi lokal utstråling til det dei skal seie.



Bilde 2 - Tilbodsplakatar på dialekt på Joker Braskereidfoss (2018a, 2018b)

Det er ein stor kontrast mellom den lokale statusen til itakismen i Solør-Odalen og i det meste av dei andre bygdene vi er kjende med at det har funnest itakisme i. Arnold Dalen (2008, s. 48) skriv om itakismen i trøndersk samanheng:

Det kan vera vanskeleg å få opplysningar om itakismen i Trøndelag. Det er eit særtrekk som har vorti herma etter og gjort narr av, og som derfor har hatt lett for å komma bort. Dei som har hatt dette særtrekket, har prøvd å tileigne seg den «rette» uttalen, og kan da komma til å bomme, som f.eks. når frostringen snakkar om /gardy:na/ for vindaugget og sunndalsjenta om /sy:mašy:nå/ si.

Mange ulike hermer etter itakisme er kjende frå bygdene der det har eksistert, t.d. «me ska skita på skitebane», «det kriper siv og tive stigge dir nedover riggen din, Siver», «det e dirt smæret i bi'n», «sikle ti bi'n mæ tiliter tite på sikkelstiret», «fi fanken!». Dette viser at å seie [i] i ord der folk forventar å høyre [y], har hatt valdsamt lett for å stikke seg ut og bli lagt merke til og kommentert. Itakisme har rett og slett vore mykje marginalisert og sett ned på, og når folk har snakka slik, har det heller vorte sett på som ein type talefeil enn noko som markerer dialekt.

Denne historia eg vart fortald av ein informant frå Snåsa eg snakka med, er eit praktisk døme på dette. Historia handlar om ein gammal ordførar på Snåsa som ikkje kunne forskjell på /i/ og /y/:

Det var det at dei hadde noko å gjere med ein som heitte for Grymyr i eit kommunestyremøte, eller eit formannskapsmøte eller noko sånt noko. Og så las han no opp, han ordføraren, og så kom han til Grymyr, og så sa han «Grimir». Og så vart det påpeikt frå nokon i salen, det der, litegranne, da. Og så sa ein det, framheva det sånn: «Gry. Myr». «Ja, Grimir!», sa ordføraren. Og lengre kom han ikkje. *ler* Dei fekk ikkje til å snu han på det. Det var Grimir.

Her ser vi at itakisme vart tolka som noko ukorrekt, og ikkje som vanleg språkleg variasjon. Da ordføraren las opp /gri:mi:r/, vart han retta på – dei andre i salen meinte at han hadde sagt det feil. Dette har nok vore ei vanleg oppleving for mange med itakisme gjennom åra. Døma til Dalen på hyperkorrekte former, der folk feilaktig har sett inn [y] for [i] i [gaɖ:yn] ‘gardin’ og [sy:maʃy:n] ‘symaskin’ viser at folk har vore av den oppfatninga at itakisme var noko som skilde seg ut på ein negativ måte, og som ein måtte prøve å legge frå seg for å bli sett på i eit betre lys. Kjell Venås (1977, s. 44–45) har også med to døme på hyperkorreksjon frå Hallingdalen: [ry:sɯgri:n] ‘risengryn’ og [fyskøiŋ:əɭ] ‘fiskeyngel’.

Som ei oppsummering kan vi seie at itakismen har etablert seg som ein viktig del av den språklege identiteten til folket i Solør og Odalen. Dei andre stadene i Noreg er synet på itakismen påført itakistane utanfrå – av «ikkje-itakistar». Itakismen har derfor fått eit syn på seg som ukorrekt språkbruk. Dette synet har også verka inn på dei som har snakka med itakisme – dei sjølve har ikkje har hatt definisjonsmakta over denne delen av språket sitt. I Solør-Odalen har dei derimot hatt definisjonsmakta. Vendinga «Vi har y, men vi benitter’n itte» viser at dei ikkje ser på itakisme som feil språkbruk, men som heilt vanleg språkleg variasjon – det er ikkje dei som tar feil når folk misforstår det dei seier. Den sterke saliensen til itakismen har altså fått positive konnotasjonar i Solør-Odalen og negative konnotasjonar andre stader.

Saliensen til itakismen og det sosiale utfallet for dette trekket kan henge saman med desse punkta:

- Itakisme er eit fonemsamanfall som derfor har gått ut over uttalen til alle orda som inneheldt fonemet. I ei tid der det elles ikkje ser ut til å ha skjedd enorme språkendingar, slik den norske språksituasjonen var frå ca. 1600 og bortover (Berg

2017), kan itakismen derfor ha utgjort ei av dei mest radikale synkrone språkvekslingane folk har kunna høyre internt i bygda i den tida.

- Itakismen spreidde seg ikkje så mykje dei fleste stadene det dukka opp, og enda truleg aldri opp med å representere eit fleirtal av folket i bygdene det har dukka opp i. Grunnane til dette aner vi ikkje, men det har nok hatt mykje å seie for at folk flest i bygda ikkje vart vande med å høyre det og derfor har hatt negative konnotasjonar til det.

Punkta er veldig spekulative, for vi lever litt for seint til å kunne kartlegge kva itakismen har representert for folk rundt omkring i Noreg – både dei som hadde det og dei som ikkje hadde det. Eg har prata med fleire eg kjenner frå ulike område på Vestlandet og i Trøndelag der det tradisjonelt har vore itakisme, og mange kjenner til at uttalen eksisterer og har kunna fortelje ei eller fleire hermer dei kjenner, men dei forbind det som regel ikkje med nokon person eller personar. I den graden dei assosierer det med ein viss type folk, er det eldre folk dei tenker på. Med unntak av Solør-Odalen går itakismen derfor meir og meir over til å bli eit spøkelsesfenomen som folk veit om at finst eller har funnest, men som ein ikkje lenger kan høyre brukt genuint. Itakismen kan naturlegvis enno studerast mykje i Solør-Odalen, men ei feilkjelde dersom ein skulle ha tatt temaet mitt vidare i framtida, er at når trekket har ein så annleis sosial status der enn andre stader, kan ikkje situasjonen i Solør-Odalen nødvendigvis seie oss så mykje om den historiske situasjonen for det i t.d. Trøndelag.

5.3. Stoda for itakisme i Solør-Odalen i dag

Lene Embretsen Strand (2022) skreiv masteroppgåve om talemålsendringar i Solør der ho har intervjuet ulike informantar og analysert språket deira etter ei rekke variablar som er i endring. Her er itakismen naturlegvis med. Tabell 10 viser funna. Ho har med informantar over 65 år og informantar under 20 år (dei fire nedste radene).

Kode	i	y	Sum	Prosent itakisme
KO651	29	1	30	97 %
KO652	43	12	55	78 %
KO653	41	4	45	91 %
MO651	29	12	41	71 %
MO652	52	6	58	90 %
MO653	54	18	72	75 %
MO653	2	57	59	3 %
JU201	0	40	40	0 %
GU201	18	5	23	78 %
JU202	22	11	33	67 %
GU202				

Tabell 10 - Itakisme i språket til informantane i Strand (2022, s. 53).

Tar ein eit reint gjennomsnitt på tala, har dei unge mindre itakisme enn dei eldre, men det som ein legg merke til om ein ser nærmare på informantane, er at dei unge anten har så å seie ingen itakisme (0 %, 3 %) eller nesten like mykje itakisme som nokre av dei eldre informantane (67 %, 78 %). Dette viser at itakismen enno har veldig tydeleg representasjon hos ungdommen. Til samanlikning var den tradisjonelle nektingsadverbforma *itte* underrepresentert hos alle fire (0 %, 0 %, 3 %, 13 %). Fire ungdommar er eit for lite utval til å seie mykje om dette, men ut ifrå akkurat desse dataa ser det ut til at itakismen klarer seg godt også blant unge i Solør. Vi kan dermed seie at itakismen blant unge i Solør-Odalen står under press utanfrå, som andre lokale dialekttrekk, men at det ikkje nødvendigvis ser ut til å vere i ein dårlegare situasjon enn andre trekk. Det ser ut til at det kjem til å vere mogleg å høyre itakisme i Solør-Odalen og få opplysningar om det i lang tid framover, men at der itakisme fram til no har vore eit fenomen ein kunne høyre mange ulike stader i Noreg, kjem ein om ikkje lenge til å nesten berre kjenne til det i Solør-Odalen.

6. Konklusjon

Itakisme er eit språkleg fenomen i norske talemål som inneber at fonemet /y/ får lik eller identisk uttale med /i/. Fenomenet opptrer veldig spreitt og har funnest i usamanhengande delar både på Austlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg. I kapittel 2 diskuterte vi om itakismen er ei plausibel lydendring eller ikkje, og fann ut at han er det, for [y] er ein fremre runda vokal. Denne typen vokal er uvanleg blant verdas språk, slik at itakisme får vokalsystemet til å likne meir på eit typologisk alminneleg vokalsystem.

Som vi såg i kapittel 4, har det vorte spekulert i kor gammalt itakisme kan vere og om trekket har hatt ei større utbreiing i norske talemål tidlegare enn det vi kjenner til frå og med slutten av 1800-talet. Gjennom prinsippet om relativ kronologi kom vi fram til at trekket ser ut til å ha dukka opp omtrent rundt år 1700, og dermed er nokså ungt samanlikna med mange andre talemålstrekk. Derfor argumenterer oppgåva mot teoriar om at itakisme er eldre enn dette og at det har hatt noka meiningsfullt større utbreiing enn dei allereie dokumenterte førekomstane.

Til slutt, i kapittel 5, drøfta vi itakismen i lys av den sosiolingvistiske teorien om saliens. I Solør-Odalen har det festa seg som eit attkjenneleg dialekttrekk, og er noko folk hyppig grip til for å markere den lokale dialekten. Også i nyare tid lever trekket godt, til og med blant ungdommar. I resten av Noreg har det ikkje vorte sett på som eit dialekttrekk, men oftast som ein talefeil som har vore veldig vanleg å herme etter og gjere narr av. Folk som har brukt [y] for [i] har ofte vorte retta på når dei har sagt «feil», og dokumenterte døme på hyperkorreksjonar viser at denne oppfatninga om itakisme som noko ukorrekt også har festa seg i mange «itakistar» sitt eige syn på måten dei har snakka på. Itakismen har altså på godt og vondt vore veldig høyrbar og lett å oppfatte. Eg har veldig spekulativt sett for meg at det har med at 1700-talet, tida eg reknar med at trekket starta å dukke opp, var ein relativt stabil periode i norsk språkhistorie, slik at eit fonemsamanfall som itakismen, som påverka mange ord, ville hatt lettare for å stikke seg fram og bli kommentert. Det er i alle fall spennande at sosiale forhold ser ut til å ha sperra for ei språkleg endring som ut ifrå ein rein strukturell analyse skulle ha vunne fram når det først hadde dukka opp.

7. Litteratur

Aasen, I. (1996). *Det norske Folkesprogs Grammatik. Ved Terje Aarset*. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 1. Høgskulen i Volda.

Abrahamsen, J.E. (2021). *U-omlydsvekslingar i klassisk norrønt i eit generativt fonologisk perspektiv*. Maal og Minne 2-2021.

Berg, I. (2014). «Om normalisert norrønt». I: *Arkiv för nordisk filologi*, vol. 129 (s. 21–54).

Berg, I. (2017). «Kor gamle er dei norske dialektane?». I: Östman, J.O., Sandström, C., Gustavsson, P., Södergård, L. (red.). *Ideologi, identitet, intervention. Nordisk dialektologi 10*. I: Nordica Helsingensia 48.

Boswijk, V., Coler, M. (2020). “What is Saliency?”. I: *Open Linguistics*, vol. 6, nr. 1 (s. 713–722). <https://doi.org/10.1515/opli-2020-0042>

Campbell, L. (2020). *Historical Linguistics: an introduction* (4. utg.). Edinburgh University Press.

Dalen, A. (1972). «Trøndermåla». I: Dalen, A., Stemshaug, O., Sandnes, J., Bakken, A., Raknem, I., Aune, K., Måge, M. (1972). *Trøndermål. Språkav og språkforhold i Trøndelag og på Nordmøre* (s. 9–41). Det Norske Samlaget

Dalen, A. (1985). *Skognamålet. Ein fonologisk analyse*. Novus forlag

Dalen, A. (2008). «Trøndermåla ca. 1950-1850». I: Dalen, A., Hagland, J.R., Hårstad, S., Rydving, H., Stemshaug, O. *Trøndersk språkhistorie*. Tapir Akademisk Forlag.

Donali, I. (1988). *Oppdaling. Ord og uttrykk*. Strindheim trykkeris forlag.

Genberg, P.H. (1989). «Libygg: Målføret i Lierne og Frostviken». I: Fagerli, K.A. *Bygdebok for Lierne kommune. Bind 1*. Lierne kommune, bygdeboknemnda (s. 109–128).

Haugen, E. (1982). *Oppdalsmålet. Innføring i et sørtrøndsk fjellbygdsmål*. Tanum-Norli a.s.

Haugen, O.E. (1995). *Grunnbok i norrønt språk* (2. utg.). Ad Notam Gyldendal.

Haugen, O.E. (2018). «Høgmellomalderen». I: Nessel, A. (red.). *Norsk språkhistorie IV – Tidslinjer*. Novus forlag.

Hjelde, A. (1992). *Trøndsk talemål i Amerika*. Tapir forlag.

- Hårstad, S., Mæhlum, B., van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk*. Cappelen Damm.
- Indrebø, G. (1951). *Norsk målsoga*. A.S. John Griegs Boktrykkeri.
- Iversen, R. (1913). *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Jahr, E.H. (1986). «*Har det på tunga*». *Kort innføring i norske dialekter*. Novus forlag.
- Jenstad, T.E. (1985). *Sunnalsmålet. Eit grensemål på indre Nordmøre*. Norsk Målførearkiv, Universitetet i Oslo.
- Joker Braskereidfoss (2018a). «». Facebook-innlegg.
https://m.facebook.com/story.php?id=100057374961388&story_fbid=2110343925888408
- Joker Braskereidfoss (2018b). «». Facebook-innlegg.
https://www.facebook.com/jokerbrask/photos/a.1381199618802846/2113849825537818/?type=3&locale=nb_NO
- Karlsson, S. (2004). *The Icelandic language*. Viking Society for Northern Research.
- Kazhdan, A.P. (Red). (1991). *The Oxford Dictionary of Byzantium. Volume 2*. Oxford University Press.
- Kjenstad, N.N. (1993). *Snåsamålet. Mål og minne frå mellomkrigsårom*. Snåsa kommune.
- Knudsen, C.S., Husby, O. (2020). *Uttaleundervisning – Fra teoretisk innsikt til praktisk anvendelse i klasserommet*. Fagbokforlaget.
- Larsen, A.B. (1894). *Lydlæren i den solørske Dialekt*. Grøndahl & Sønns Bogtrykkeri.
- Larsen, A.B. (1926). *Sognemålene*. Det Norske Videnskabs-Akademi.
- Lockwood, W.B. (2002). *An introduction to modern Faroese*. Føroya Skúlabókargrunnur.
- Maddieson, I. (1984). *Patterns of sounds*. Cambridge University Press.
- Maddieson, I. (2013). «Front rounded vowels». I: Dryer, M.S. & Haspelmath, M. WALS Online (versjon 2020.3). Zenodo. <http://wals.info/chapter/11>
- NRK (2018). *MGPjr 2018 Finale*. <https://tv.nrk.no/serie/melodi-grand-prix-junior/2018/MUHU19000018/avspiller>.

Rácz, P. (2013). *Saliency in Sociolinguistics: A Quantitative Approach*. De Gruyter Mouton.

Ross, H. (1905). *Norske bygdemaal*. A.W. Brøggers Bogtrykkeri.

Rygh, K. (1903). *Norske Gaardnavne. Femtende Bind. Nordre Trondhjems Amt*. I kommisjon hos Cammermeyers Boghandel.

Rørholt, A. (1996). *Heilt odøling*. Art Pro AS.

Sandøy, H. (1985). *Norsk dialektkunnskap*. Novus forlag.

Sandøy, H. (2011a). «Nordvestlandsk i tidlig moderne tid». I: *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525-1814): minneskrift for Kjartan Ottosson*. (s. 124–143). Novus forlag.

Sandøy, H. (2011b). *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Novus forlag.

Sandøy, H. (2018). «Geografisk og sosial variasjon». I: Mæhlum, B. (red.). *Norsk språkhistorie II – Praksis* (s. 163–256). Novus forlag.

Seip, D.A. (1955). *Norsk språkhistorie til omkring 1370* (2. utg.). Aschehoug.

Senjamållaget (2019). Facebook-innlegg.

https://m.facebook.com/senjamallaget/posts/1113752168827601/?locale=hi_IN

Skjekkeland, M. (1997). *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Høyskoleforlaget AS.

Stemshaug, O. (1968). «Meldalsmålet» (s. 395–442). I: Havdal, O. *Bygdesoga til ikring 1700. Frå åndsliv og kulturarbeid gjennom tida*. 1. Meldal kommune.

Storm, J. (1884). *Kortere Ordliste med Forklaring af Lydskriften*. Grøndahl & Søn.

Strand, L.E. (2022). *Talemålsendringer i Solør*. Masteroppgåve. Universitetet i Bergen.

Torp, A. (1998). *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv*. Novus forlag.

Torp, A., Vikør, L. (2014). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (4. utg.). Gyldendal Norsk Forlag AS.

UiB (2023). *Norsk målføresynopsis*.

<https://www.uib.no/ub/spesialsamlingene/160665/m%C3%A5lf%C3%B8re-og-dialektologi>

Venås, K. (1977). *Hallingmålet*. Det Norske Samlaget.

Wikipedia (2020). «File:Norway municipalities 2020 blank.svg».

https://en.wikipedia.org/wiki/List_of_municipalities_of_Norway#/media/File:Norway_municipalities_2020_blank.svg

Østlendingen (2018). «Folk strømmer til Joker Braskereidfoss for å se de kreative tilbudsreklamene». Avisartikkel.

